



TA TUREN 2025

TURPROGRAM FOR KVINNHERAD TURLAG
OG KLYPPEKORT FOR KVINNHERAD FJELLTRIM

Kvinnherad Turlag
Bergen og Hordaland Turlag





KVINNHERAD TURLAG

Kvinnherad Turlag er eit lokallag av Bergen og Hordaland Turlag og Den Norske Turistforening. Alle som melder seg inn i Den Norske Turistforening, og har postadresse Kvinnherad, er automatisk medlem av Kvinnherad Turlag og Bergen og Hordaland Turlag. Barnas Turlag, Fjellsportgruppa, Seniorgruppa, Ungdomsgruppa og hytteutvalet er undergrupper i Kvinnherad Turlag.

Kvinnherad Turlag samarbeider med idrettslag og andre friluftssretta organisasjonar som legg til rette for turgåing i skog og fjell.


VIL DU BLI MEDLEM?

Du kan melda deg inn i Kvinnherad Turlag via www.turistforeningen.no/medlem

For meir informasjon, sjå: kvinnherad.dnt.no
www.facebook.no/kvinnheradturlag

UT PÅ TUR I KVINNHERAD?

Vi har mange flotte turmål, og mange av tursiane er godt merkte og skilta. Du kan finna turomtale og kart for ulike turmål i heile kommunen på ut.no eller med å scanna QR-koden.



STYRET FOR 2025

Styreleiar:

Jarle Røstbø, 5450 Sunde,
tlf. 992 97 383 jarle@reins.no

Styremedlemmer:

Tove K. Apeland, kasserar
tlf. 911 63 736, apeland.tove@gmail.com

Hans Bertin Hjortland, nestleiar
tlf. 918 32 642, bertinhjortland@knett.no

Helge Furdal
tlf. 99512585, helge.furdal@knett.no

Anne Kari Enes
tlf. 95196467, enesannekari@gmail.com

KONTAKTPERSON FOR GRUPPENE

Barnas Turlag:

Mona E. Røstbø, tlf. 977 22 163, mona-er@hotmail.com

Turboklubben:

Mari Teigen Varanes, tlf. 952 75 277, mari.varanes@gmail.com

Ungdom:

Tove Omdal, tlf. 909 44 865, tove.omdal@knett.no

Fjellsport:

Erik Lemicka, tlf. 971 13 085, erik2218@hotmail.com

Senior:

Eldbjørg Teigen, tlf. 990 42 295, eltege@hotmail.com

Hytteutval for Fonnabu/Breidablikk:

Anne Kari Enes, tlf. 951 96 467, enesannekari@gmail.com

BREIDABLIKK OG FONNABU

Kvinnherad Turlag har ansvar for drift og vedlikehald av Breidablikk og Fonnabuhyttene. Hyttene er opne heile året og kan nyttast av alle. Turen frå Bondhus inn Bondhusdalen om Gardshammar til Breidablikk tar om lag fire timar. Frå Breidablikk til Fonnabu er det ein liten times gange. Stien er varda og T-merkt. Breidablikk (1.322 moh.) er Bergen og Hordaland Turlag si eldste hytte frå 1893 og ligg ved heimste enden av Breidablikkbrea. Hytta har fire senger og er ubetent. D.v.s. hytta har ikkje proviant, men er utstyrt med ved, gass o.l. Fonnabu-hyttene (1.449 moh.) ligg ved brekanten om lag to km sør for Breidablikk. Hyttene er sjølvbetente og er utstyrte med proviant, ved, gass o.l. og har til saman 27 senger.

TAKK FOR LÅN AV BILDE!

Mari Teigen Varanes, Arnt Orholm, Anne Kari Enes,
Erlend Hellingsrud og Erik Lemicka.

VIL DU BLI MED OSS PÅ TUR?

Dersom du er usikker på om turen passar for deg, kan det vera lurt å ta kontakt med turleiaren som er oppført, slik at du får meir informasjon.

PÅMELDING

Påmelding til turar gjer du enklast via nettsida kvinnherad.dnt.no
Under aktivitet finn du alle turane kronologisk.

GRADERING AV TURAR

Er du usikker på kor krevjande turane er? Dei fleste turane er merkte med gradering og kven turen passar for. Les nøye om turen og nivået på førehand. Då er det lettare å velja riktig tur for deg. På nettsida kvinnherad.dnt.no ligg det meir utfyllande informasjon om kvar tur.

Merk at dei ulike nivåa nedanfor berre er generelle graderingar som ikkje nødvendigvis passar for alle turar og aktivitetar, sidan terrenget kan vera svært varierende. Ein toptur kan til dømes berre vera ein kort dagstur, men gradert som krevjande. Ta derfor kontakt med ansvarleg turleiar viss du treng meir informasjon.

GRØN TUR – ENKEL

Lette dagsturar på merkte ruter eller arrangement for alle.

BLÅ TUR – MIDDELS

Dagsturar/dagsetappar på inntil 15 km, for det meste på merkte ruter. Passar for deg som er van med å gå med sekk og er i normalt god form.

RAUD TUR – KREVJANDE

Dagsetappar på inntil ca. 20 km, delvis utanom merkte løyper. Passar for deg som er i god form og har noko fjellerfaring.

SVART TUR – EKSTRA KREVJANDE

Dagsetappar på meir enn ca. 25 km, ofte utanom merkte ruter. Passar for deg som er i svært god form og har god fjellerfaring.



TURPROGRAM 2025

TURPROGRAM HOVUDLAGET

DATO	TURNAMN	TURLEIAR	TLF.NR:	GRADERING
5. april:	Skitur i Husnesfjella (Eikedalen–Englafjell–Valen)	Mona Eikemo Jarle Røstbø	977 22 163 992 97 383	●
6. april:	Skitur til Ulvanosa	Kjell Yri Geir Eidsvik	488 93 150 922 49 304	●
26.–27. april:	Skitur over Folgefonna med overnatting i Fonnabu	Hans Bertin Hjortland Anne Kari Enes	918 32 642 951 96 467	●
10. mai:	Mehammarsåto, Stord	Gunn Heidi Eikemo Steine Mona Røstbø	413 24 617 977 22 163	●
11. mai:	Alvaldsnuten (skitur frå Vetrhus)	Geir Ove Eikemo Mona Eikemo Røstbø	472 83 223 977 22 163	●
25. mai:	Skitur til Holmaskjer, Folgefonna	Sturla Helland Leif Hovden	970 24 320 957 68 135	●
2.-3. august	Fottur til Fonnabu – Turistvegen over Folgefonna til Odda, innleigd breførar frå Folgefonni breførarlag.	Erik Lemicka	971 13 085	●
29.-31. august:	Langs nordsida av Åkrafjorden (Åkra–Eikemo).	Gunnlaug Vågen Tjelmeland	959 74 438	●
30. august	Rundtur: Valedalen rundt, Horgjo – Mjelkhaug.	Jarle Røstbø	992 97 383	●
6.–7. sept:	Gourmettur i Skarvheimen (Upsete–Kaldavasshytta–Hallingskeid)	Tove Omdal Grete Solheim	909 44 865 991 53 785	●
21. september:	Reinsnos, ein rundtur på kanten av Hardangervidda. Krevjande tur, om lag 19 km, 1000 høgdemeter stigning. Turen startar frå P-plassen ved Reinsnos- gardane. Oppmøte kl. 08.00.	Emil Stafsnes	481 13 024	●

ANDRE TURAR:

11. juni	Kajakktur i samarbeid med Perlo kajakklubb Ettermiddagstur kajak I området Sunde/Valen/Halsnøy avhengig av vêrtilhøva Kl. 17.00.	Sturla Helland Leif Hovden	970 24 320 957 68 135	
2. september	Kurs i kart og kompass	Jarle Røstbø med fleire	992 97 383	●

Barnas Turlag

Barnas turlag er eit tilbod til barn opp til 12 år – gjerne i følgje med vaksne. Turane vert arrangerte i nærområdet eller litt lengre vekke og målet er gode naturopplevingar saman med andre. Dagsturar er gratis om ikkje anna er opplyst.

All informasjon om turane vert lagde ut på Kvinnherad Turlag si nettside – www.kvinnherad.dnt.no. Her finn de òg påmelding til alle turar.

Barnas Turlag har eit gruppestyre på fem personar. Desse er Margunn Storækre, Emil Stafsnes, Martha Sofie Teigen Varanes, Ann Kathrin Røssland, Mona E. Røstbø.

Kontaktperson:
Mona Eikemo Røstbø,
tlf. 977 22 163,
mona-er@hotmail.com



DATO	TURNAMN	TURLEIAR	TLF.NR:
26. mars	Aktivitet: Froskesafari til Erslandsvatnet med Turboklubben. Tid: Oppmøte kl. 16.30 på Sandvoll skule.	Anne Marthe Grønstøl Mari Teigen Varanes Mona Eikemo Røstbø	454 67 978 952 75 277 977 22 163
24. mai	Aktivitet: Fisketur til Tveitedalen. Oppmøte ved parkeringa ved Ternebu. Passar for: Barn frå 6 år.	Roger Grimelid	483 23 130
23.–24. august	Aktivitet: Telttur ved Fjellandsbø, Uskedalen Tid: Start laurdag ettermiddag, avslutning søndag morgon. Passar for: Alle (overnatting krev vaksenfølgje).	Ann Kathrin Røssland Helge Furdal Mona Eikemo Røstbø	911 47 758 995 12 585 977 22 163
7. september	Kom deg ut-dagen på Holmen i Omvikdalen. Kl. 12–14. Innhald: Aktivitetar for barn, grilling av pølser – gratis til barna.		
25. september	Aktivitet: Turbingo med Turboklubben, Klypestien på Halsnøy. Tid: Oppmøte kl. 16.30 ved Heiastølen.	Anne Marthe Grønstøl Mari Teigen Varanes Mona Eikemo Røstbø	952 75 277 977 22 163



Turboklubben

Velkomen til Turboklubben Husnes! Turboklubben er eit friluftstilbod for barn. Me samlast på Husnes eller omegn **annankvar torsdag kl. 17.00-18.30** og finn på noko kjekt i naturen. Turane/aktivitetane passar best for barn i barnehagealder og tidleg skulealder, i følgje med vaksne.

Me legg ut informasjon om kvar tur nokre dagar på førehand, så melder ein seg på dei turane ein vil vera med på. Følg oss gjerne på Facebook-gruppa vår: Turboklubben Husnes.

Kontaktperson:
Mari Teigen Varanes, Tlf. 952 75 277, mari.varanes@gmail.com

Turprogram for Integrering

Kontaktperson: Monica Sletten, tlf. 917 35 871. Gruppe for integrering og språktrening Kvinnherad 2024/2025

DAG/DATO	TURMÅL	OPPMØTE	GRADERING
Onsdag 02.04. Kl. 17.30	Vikefjell frå Valen.	Felles køyring til Valen kyrkje. Parkering v. kyrkja	●
Laurdag 26.04. Kl. 11.00	Gråskallen, Herøysund.	Felles køyring til Herøysund. Parkering v. Grendahuset	●
Tysdag 06.05. Kl. 17.30	Fagnabu/Nautavatnet:	Felles køyring til Fjellhaugen	●

Turprogram DNT Ung Kvinnherad

For meir informasjon om ungdomsgruppa sitt program, turomtale, pris og påmelding, sjå nettsida kvinnherad.dnt.no Ungdomsgruppa arrangerer turar for ungdom i alderen 13-26 år. Det er alltid minst ein vaksen med-turleiar med på ungdomsturane.

DNT Ung Kvinnherad har eit styre på tre personar:
Ingrid Margrethe Eik Arnevik, tlf. 913 03 430,
Anna Framnes-Thoresen, tlf. 915 30 309
Ingrid Helene Enes-Slettebakken, tlf. 909 62 195

Kontaktperson:

Tove Omdal, tlf. 909 44 865 tove.omdal@knett.no

For meir informasjon og påmelding til turane, sjå kvinnherad.dnt.no



DATO	TURNAMN	TURLEIAR	TLF.NR:
7. mai	OPPTUR for alle 8.klassingar	Jarle Røstbø	992 97 383
24.-25. mai	Padling og øyhopping Halsnøy Oppmøte Sæbøvik kl. 11.00 Overnatting Ljøkelsøy.	Ingrid Margrete E. Arnevik Ingrid Helene Enes-Slettebakken	913 03 430 909 62 195
16.-17. august	Kurs i elvepadling på Voss med packraft. Overnatting ved Lønavatnet i telt. Instruktør Dag Sandvik. Anna Framnes-Thoresen	Anne Kari Enes Siv Framnes Anna Framnes-Thoresen	951 96 467 995 24 607 915 30 309
30.-31. august	Hengekøyetur til Bremstølen. Oppmøte ved Husnes Vassverk kl. 15.00	Ingrid Helene Enes-Slettebakken Anna Framnes-Thoresen	909 62 195 915 30 309
13. september	Klatring med utelunsj, Uskedalen. Frammøte ved Grana i Uskedalen kl. 10.30	Anna Framnes-Thoresen Ingrid Margrete E. Arnevik	915 30 309 913 03 430

På turane nyttar vi kvalifiserte turleiarar og godkjende instruktørar i padling og klatring.

Turprogram Fjellsport

For meir informasjon, turomtale, pris og påmelding, sjå nettsida kvinnherad.dnt.no



DATO	TURNAMN	TURLEIAR	TLF.NR:	GRADERING
21. mars	Tur til Krabbahopen	Erik Lemicka Helene Hivand	971 13 085 928 84 304	●
12. April	Tur til Nonshaug	Erik Lemicka Håvard Nistad	971 13 085 400 55 709	●●
10. mai	Tur til Mjelkhaug	Erik Lemicka Håvard Nistad	971 13 085 400 55 709	●●
22. august	Helgetur i Husnesfjella med overnatting ved Svartavatnet og på Handelandshorgja	Erik Lemicka Håvard Nistad Helene Hivand	971 13 085 400 55 709 928 84 304	●
19.september	Tur til Nipen	Erik Lemicka Håvard Nistad	971 13 085 400 55 709	●
4.oktober	Tur til Nordlifjell	Erik Lemicka Helene Hivand	971 13 085 928 84 304	●●

SENIORTURAR 2025

DATO	TURNAMN	TURLEIARAR	TLF.NR.	GRADERING
12. februar	Salsund-Øysteinsvik, Halsnøy	Ivar Vaage Elling Haveland	995 12 605 909 38 249	
26. februar	Bergalidvegen-Sandvik-Åsen, Omvikdalen	Solveig Hellesø Sandvik Helen Sandvik Røssland	416 91 324 993 59 929	
12. mars	Rundtur Sydnes-Dottatjørno	Steinar Kroka Jan Helge Opsanger	957 68 180 995 74 139	
26. mars	Veten, Snilstveitøy	Arnt Orholm Helga Fossheim	970 29 515 918 50 257	
9. april	Ytra Vannes, Skånevik	Kjell Ivar Bjørgen Marita Handegard	959 74 654 952 75 478	
23. april	Kuhaugselet, Valen	Anne Grethe Lindseth Eldbjørg Teigen	906 65 103 990 42 295	
7. mai	Olalia, Ølen	Elling Haveland Steinar Kleven	909 38 249 957 68 199	
21. mai	Gamlestølen, Hellandslia, Husnes	Jan Martin Skaaluren Ivar Vaage	917 26 614 995 12 605	
4. juni	Låganosa, Uskedalen	Nils Olav Støle Eldbjørg Teigen	918 78 115 990 42 295	
18. juni	Holmedalsfjellet, Utåker	Jan Helge Opsanger Steinar Kleven	995 74 139 957 68 199	
06. august	Blådalshytta, Blådalen	Jan Martin Skaaluren Steinar Kroka	917 26 614 957 68 180	
20. august	Postvegen Matre-Svelland	Kjell Ivar Bjørgen Helga Fossheim	959 74 654 918 50 257	
25. - 29. aug.	Overnattingstur, Rauland	Kjell Ivar Bjørgen Eldbjørg Teigen	959 74 654 990 42 295	
03. september	Hildalsstølen, Odda	Hermund Fenne Jan Martin Skaaluren	917 03 488 917 26 614	
17. september	Bjellandsbu frå Storebjørnsli	Elling Haveland Anne Grethe Lindseth	909 38 249 906 65 103	
01. oktober	Tverrfjell, Omvikdalen	Solveig Hellesø Sandvik Helen Sandvik Røssland	416 91 324 993 59 929	
15. oktober	Lovatnet-Hildalsvatnet, Guddal	Marita Handegard Helga Fossheim	952 75 478 918 50 257	
29. oktober	Dyrrindo, Tveitedalen/Utåker	Nils Olav Støle Arnt Orholm	918 78 115 970 29 515	
12. november	Gråskallen, Asfalten, Husnes	Steinar Kleven Helen Sandvik Røssland	957 68 199 993 59 929	
26. november	Bondhusdalen, Sunndal	Steinar Kroka Hermund Fenne	957 68 180 917 03 488	

SENIORGRUPPA

AKTIV I 100

Seniorturane på forrige side er ein del av Aktiv i 100. I tillegg har vi tre andre grupper som går tur kvar veke, og desse turane legg til rette for at dei som føler seg litt mindre spreke, også kan delta. Turprogramma for desse gruppene er ikkje klare, ta kontakt med turleiarane dersom du har lyst å vera med.

GRUPPE 1:

Hatlestrand/Ølve:
Grethe Ljostveit, tlf 905 53 510

GRUPPE 2:

Handeland/Valen:
Toril Tjelmeland, tlf 976 91 370

GRUPPE 3:

Husnes:
Jan Helge Opsanger, tlf 995 74 139



FJELLTRIMKORT

Eit turopplegg av Kvinnherad Turlag

Pris kr. 100,- inkl. premiering.
Betalning på Vipps # 119219

Kvinnherad Turlag, idrettslaga i Kvinnherad, bedriftsidrettslaget til Hydro Husnes og lokale bygdelag har lagt ut registreringsbøker og klyppetenger på 16 ulike turmål. Kommunen er inndelt i 8 ulike område med to turar i kvart av dei. Registrer deg på minst 5 turmål - i 3 ulike område. Då har du greidd kravet til fullført fjelltrim.

Lever kortet til **Sport 1 Husnes** eller **Sport 1 Rosendal**.

Du kan og senda det på mail til

Hans Bertin Hjortland, Hamnavegen 4, 5635 Hatlestrand eller på mail (scanna eller ta bilde) til bertinhjortland@knett.no innan 1. november. Det vert premiering av dei yngste trimmarane (t.o.m. 15 år) og utmerkingar til dei som har fullført Kvinnherad Fjelltrim 5, 10, 15 eller 20 sesongar.

Kart: Folgefonna-Hardangerfjorden 1:100 000 eller M711 serie: Husnes, Kvinnherad; Varaldsøyna, Odda, Fjæra og kartet Folgefonna nasjonal park 1:50 000.

Namn:

Adresse:

Fødselsår:

Telefon:

2025

Dato	1 UTÅKER - VALEN	Klypp
	Ulvanosa (Høgetinden)	
	Feto (grillhytta Handelandsdalen)	
Dato	2 HUSNES - HERØYSUND	Klypp
	Mjølkhauget	
	Gråskallen	
Dato	3 USKEDALEN - OMVIKDALEN	Klypp
	Geitadalstind	
	Kvitteggjo	
Dato	4 ROSENDAL - LØFALLSTRAND	Klypp
	Melderskin	
	Skålafjell	
Dato	5 ÆNES - MAURANGER	Klypp
	Ænesetra	
	Breidablikk	
Dato	6 VARALDSØY - HATLESTRAND/ØLVE	Klypp
	Varden (Varaldsøy)	
	Blånuten (Ølve/Hatlestrand)	
Dato	7 FJELBERG-HALSNØY	Klypp
	Borgundnuten	
	Tjodbergshaugen	
Dato	8 MATRE - ÅKRA	Klypp
	Ingahogg	
	Svelgabreen/Botnabreen	

Hjelp oss med å halda skilting og merking ved like! Ver gild å melda frå til styremedlemmer i turlaget dersom du oppdagar noko gale med merkinga, klyppetengene eller registreringsbøkene.

TURVIT! Vern om naturen! Mange av turane passerer innmark og beite. Vis omsyn til beitende dyr. Lat att grindar og hald hunden i band!
GOD TUR!

GODE STØTTESPELARAR



5460 Husnes



5460 Husnes



5455 Høylandsbyggd

-Over 40 år med bil!



5462 Herøysund



Bilutleie
5462 Herøysund



Bygggtorget

Lio Sag & Treforedling
5460 Husnes



Hydro
5460 Husnes



5464 Dimmelsvik



5455 Høylandsbyggd



5460 Husnes



5464 Dimmelsvik



5460 Husnes



HUSNES



HMR
5460 Husnes

KORLEIS FINNA FRAM TIL TURMÅLA

Dei oppgjevne tidene gjeld gangtid tur/retur i vanleg turtempo, pausar kjem i tillegg. Informasjonstavle med ruteomtale og kart er oppsett ved startpunkta/P-plassane. Informasjon om turmåla er også å finna i faldaren med dei 75 merkte turane i Turstiprosjektet i Kvinnherad.

Meir detaljert informasjon og planleggingskart for kvar einskild tur på nettsida: tursti.kvinnherad.no

1 UTÅKER - VALEN

Ulvansa/Høgetinden 6 t.

Start ved Ternebu i Tveitedalen. Frå P-plassen følgjer ein lysløypa (skogsveg) 1,2 km innover på høgre sida av Bakkastølsvatnet og deretter langs elva til innte brua. Ta til høgre i krysset Englafjell/Ulvansa eit par hundre meter etter siste bru/lysmast i lysløypa.

Feto i Handelandsdalen 1 t.

Start ved Handeland gard. For parkering kjør gjennom gardstunet til P-plass i skogkanten bak garden. Følg skogsvegen langs den stilleflytande elva til Feto med ope grillhus.

2 HUSNES - HERØYSUND

Mjølkhøg 4/5 t.

4 t. frå P-plass der informasjonstavle for Husnes er oppsett ved Husnes Vassverk. 5 t. frå P-plass ved Søsterheimen, Valen.

Gråskallen 3 t.

P-plass ved Grendahuset i Bringedalsbygda. Følg skilting frå bygdevegen opp vegen til vassverket der den T-merkte stien startar. Det er bilveg til vassverket, men vanskeleg å parkera langs vegen.

3 USKEDALEN - OMVIKDALEN

Ulvansa/Geitadalstinden 8 t.

(Nordre topp av Ulvansa). Start frå P-plass ved brua på øvre Haugland. Følg skogsbilveg til kalkestasjonen og T-merkt sti vidare.

Kviteggjo 3 t.

Start ved Nistovetunet på Hjelmeland i Omvikdalen. Skilt ved fylkesvegen viser opp til parkering ved ny stor fellesfjøs, Revuro. Følg skogsvegen til endes til skilting og T-merking over lita bru.

4 ROSENDAL - LØFALLSTRAND

Melderskin 7 t.

Start frå P-plass på Kletta i Rosendal.

Skålafjell 2/3 t.

2 t. frå Bjørke. P-plass ved Kvinnherad kyrkje. 3 t. frå P-plass ved starten på skogsvegen i Neslia.

5 ÆNES - MAURANGER

Breidablikk 8 t.

Start frå P-plass ved inngangen til Bondhusdalen. Følg merking mot Fonnabu/Breidablikk.

Ænesettra 2 t.

Parkering før/like nord for kyrkja på Ænes. Følg skogsvegen langs kyrkjegarden inn dalen.

6 VARALDSØY - HATLESTRAND/ØLVE

Varden (Varaldsøy) 3 t.

Start frå P-plass ved Øvsthusgarden. Avtal gjerne parkering med folk på staden.

Blånuten (Hatlestrand/Ølve) 2,5 t.

Start frå P-plass ved opplagsplass for tømmer ved Tveitane. Først på skogsveg, deretter spesielt fint opparbeidd sti.

7 FJELBERG - HALSNØY

Borgundnuten (Fjelberg) 3 t.

Start frå ferjekaien på Borgundøy. Set gjerne bilen att på Sydnes, ta ferja over og følg bilvegen oppover til høgste punkt. Derfrå til høgre inn på skogsveg til P-plass og sti til toppen.

Tjodbergshaugen (Halsnøy) 3 t.

Ta av frå vegen til Sydnes ved skilt til Tjodbergshaugen og skytebanen. 30 meter inn til P-plass med informasjonstavle og merkt sti.

8 MATRE - ÅKRA

Ingahogg 3 t.

Start frå Fjellhaugen Skisenter. Merkt frå toppen av skitrekket.

Svelgabreen/Botnabreen 6 t.

Start frå P-plass 150 m før vegenden ved kraftstasjonen Blåfalli IV i Blådalen. Ved overløp frå Møsevatnet kan det vera vanskeleg å kryssa elva ned til Midtbotnvatnet. Gå då over brua ved overlaupet frå Møsevassdammen.